

## Sprek åttiåring feira.



Sprek åttiåring! (Foto: Mette Bendiksen.)

**EIN SVÆRT SPREK ÅTTIÅRING** vart feira i Helgheim i kveld. Det var musikklaget som såg dagens ljos i 1936, og som har gleda mange sidan. Ein annan åttiåring var krumtapp i arrangementet - det var 83 år gamle Bjørgulv Eik som må vera den mest aktive programleiar i denne delen av landet!



Ståle Eik imponerte med historisk kavalkade(Fotoeigar: Lars Wang)

Sentral var også Ståle Eik, som hadde komponert eit ljusbiletprogram med meir enn 100 bilete som var ein imponerande kavalkade gjennom historia til laget. Men naturleg var det at dagens musikklag opna - mellom anna med eit muntert Prøysenpotpourri.

Kristian Bringedal las den mektige prologen som Olav Agnar Gausvik skreiv til jubileet i 1976, og som var ein ode til musikken. Eit anna flott diktverk som vart framført, var rimet som Amanda Wang skreiv til eitt års feiringa av Guttemusikken i 1957. Dette vart lese av Ester Mørstad. Mange av dei som var med då, og som var nemnde i dette diktet, var i salen.

Kakebordet var overdådig, og saman med kaffien smaka det fortreffelig. Under denne økta var det også ei kjekk overrasking. Tidlegare medlem Gunnar Haugland som er busett på Rubbstadneset, hadde med seg ei flott gåve. Det var ein krakk som Haugland som er blind, sjølv hadde laga. Materialane var bjørk som var henta i Uskedalen. Heilt nydeleg var den, og den vart auksjonert bort. Eldbjørg Myklebust fekk tilslaget på 800 kr som gjekk rett til lagskassen. Elles var det veldig kjekt for arrangørane at ein del utflytta tidlegare medlemmer kom til samkoma.



Ein skikkeleg veteran, Alfred Eik, tidlegare ess-kornettist og dirigent i Guttemusikken.(Foto: Einar Gjertsen)

Festleiar Bjørgulv Eik arrangerte også ein uhøgtideleg tippekonurranse. Det gjekk ut på å tippa på kva vekedag skipingsdagen 1.mars var på i 1936. Merkvendig nok var det berre Thor Inge Døssland som svara rett(søndag), og dermed vart han eit kilo kaffi rikare.

Ved åttiårsmarkeringa er det all grunn til å svinge hatten for eit korps som har vist imponerande livskraft og klara seg gjennom mange brottsjor. Og trass i ein snittalder på 71,5 år er det framleis ikkje svekka slik at ein kan høyra det. Dei avslutta festunda med både marsj-, polka- og valsetakt, og etter ståande applaus slo dei også til med ekstranummer!



Bjørgulv Eik med instrument frå trettiåra

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen